

Styremøte i Seniornett Førde

Desse møtte:

Odd Skrede, Marloes Vos, Hildur Smådal, Egil Nestande, Monrad Kolstad, Borgny England Slagstad

Tid: Tirsdag 9. februar 2021 kl. 11.00

Stad: Førdehuset, Musikkrommet (i andre etasje)

Sak 01/2021: Møtebok av 03.12 2020 til godkjenning
Godkjend med nokre endringar i sak 25/2020

Sak 02/2021: Årsmelding 2019 - 2020
Godkjend med to små endringar

Sak 03/2021: Rekneskap 2020
Godkjend etter endring i notatet 'Godtgjersle til instruktørar for utlegg'

Sak 04/2021: Budsjett 2021
Styret vedtok at medlemsavgifta for 2020-2021 vert endra til 200 kr pga. færre kursdagar i koronatida. Budsjettet er usikkert pga korona. Det er sett opp med underskot på 7820 kr som må dekkast av oppsparte midlar i Førde Seniornett.
Godkjent

Sak 05/2021: Aktuelt frå styremøte i Seniornett N
<https://styrkeldre.no> er ein organisasjon som tilbyr datatenester til eldre personar for 200 kr/mnd, altså 2400 kr/året. Dei søkte om å få bruke materiell som er utarbeidd av Seniornett.
Seniornett Norge avslo dette.

Sak 06/2021: Søknad prosjektmidlar «stiftinga Dam»
Egil sender søknad om prosjektmidlar frå Stiftinga Dam for medlemmer i Seniornett Førde. Søkjer om 50 000kr

Sak 07/2021: Årsmøte 19. mars 2021 kl.11.00 i Førdehuset
Årsmelding med rekneskap for 2019 – 2020 og revisormelding
Budsjett for 2021
Aktivitetsplan for 2021 – 2022 Godkjend
Innstillinga frå valkomiteen blir handsama på årsmøtet
Egil sender innkalling til medlemmene i god tid, i samsvar med vedtektene.

Sak 08/202: Mogeleg tilkomne saker
Landsmøtet i Seniornett Norge 6. og 7. mai er utsett, dette pga.
korona-pandemien Covid 19. Ny dato vert 7. og 8. oktober 2021.
I staden legg hovudstyret opp til ei digital leiarsamling 6. mai
2021.

Møtet slutt kl.14.20

Borgny England Slagstad
 skrivar